




Bøn i fellesskap!

side 4-5

Misjonskveld i Fjell kyrkje side 10



Konfirmant 2019? side 12-13



God stemning på konsert side 8



UTGJEVAR



DEN NORSKE KYRKJA

Fjell kyrkjelege fellesråd

Fjell kyrkjeblad kjem ut
6 gonger i året og kostar
kr 200,- pr. år.
For utanbygds: kr 250,-.

Bankgiro Fjell kyrkjeblad

1503.84.37590

Bankgiro Fjell kyrkjelege fellesråd

1503.84.35067

Ansvarleg redaktør

Olav Martin Vik

Grafisk utforming

Yngvild Mørner Sørheim

Informasjonsmedarbeidar

Anne-Kari Vik

Framsdebilete:

Jon Andreas Tjentland

Trykk

Bodoni AS



Miljømerket trykksak 2041 0699

Kyrjekontoret i Fjell

Postboks 184, 5342 Straume

Telefon

55 09 74 40

E-post

post.kyrkja@fjell.kommune.no

Besøksadresse

Tytebærbrekko 2, Temahuset

Nettsider

kyrkja.no/fjell
t-dagen.no

INNLEVERINGSFRIST

for annonsar og kunngjeringar til neste
nummer av Fjell kyrkjeblad:
14. august 2018

Leiar



Olav Martin Vik

Kyrkjeverje/redaktør

Gratulerer til våre konfirmantar med familie. Snart er det eit nytt kull med konfirmantar. Det er viktig at me ikkje avgrensar fokuset til berre å gjelde konfirmanttida. Me ønskjer å sjå dei unge i våre samanhengar også etter konfirmanttida. Konfirmantåret skal ikkje vere eit pliktløp, men ein stad for å bli betre kjent med Jesus og kva det betyr å vere ein kristen. Truslivet tek ikkje slutt når konfirmasjonen er unnagjort. Det er viktig at foreldre, besteforeldre og fadrar følgjer og minner dei unge på å søkje til kristne fellesskap også etter konfirmanttida.

Me er inne i endringstider. Kommunane slår seg saman og kyrkja følgjer med på lasset. Det er viktig å presisere at soknegrensene ikkje vert endra. Heller ikkje sokneprestane vert «slått saman». Me som har ansvaret for samanslåing av fellesråda har eit

stort fokus på å ta godt vare på alt det gode arbeidet som skjer ute i kyrkjelydane. Det er likevel viktig å poengtere at me er inne i ei krevjande tid, særleg for våre tilsette som både skal tenkje dagleg verksemd og tenkje utforming av framtida. Styrken ligg i motiverte medarbeidarar.

Du vil etter kvart kunne lese litt i dette kyrkjebladet om det som skjer i Sund og Øygarden i regi av kyrkja. Det er fordi me meiner det er viktig å etter kvart bli litt betre kjent med kvarandre, og fordi det kan inspirere kyrkjelydane på tvers av soknegrensar. I første nummer i haust vil me presentere alle som no arbeider i kyrkja i Sund og Øygarden.

God sommar!

Personalnytt

Anne-Kari Vik skal ha permisjon frå si stilling som informasjonsmedarbeidar og kontorsekretær frå mai 2018 til februar 2019 i samband med fødsel. Me ønskjer henne alt godt for tida som kjem.

Yngvild Mørner Sørheim (28) skal vikariere som informasjonsmedarbeidar i 50 % stilling i første omgang ut 2018. Yngvild skal arbeide med kyrkjebladet og nettsidene til Fjell, Sund og Øygarden kyrkjelege fellesråd, samt utforming av brosjyremateriell. Me ønskjer Yngvild velkomen i staben.



Yngvild Mørner Sørheim

Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du ikkje får Fjell kyrkjeblad i din postkasse, eller høyrer om andre som ikkje får bladet, er det viktig at vi får beskjed om dette, slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon 55 09 74 40 eller post.kyrkja@fjell.kommune.no ved manglande levering av Fjell kyrkjeblad.

Redaksjonen

Side:

Ungdom på leiarkurs og Ung Bøn	4-5
Orientering om Straume gravplass	6
Basar i Foldnes kyrkje	7
God stemning på barnekor-konsert	8
Jazz-konsert med bidrag til lydutstyr	9
Misjonskveld i Fjell kyrkje	10
Samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda	11
Konfirmant 2019?	12-13
T-dagane	14-15

Andakta



Torbjørn Fjøren
Diakon

No går det mot sommar og vi gler oss til den varme tida som ligg framom oss. Bak oss ligg ein vinter som har vore kald, lang og mørk. Årstidene skiftar frå harde og kalde tider til varme og gode dagar. Slik er det i livet til oss menneske også. I periodar er livet godt og dagane kjennest lette og gode. Vi gler oss over familie og vener, vi

Jesus har omsorg og ber for oss

har alt det vi treng og endå meir. Greier vi då å kjenne på takksemnd for at vi har det så godt? I andre periodar så kjenner vi på dei tunge tankane, og dagane er vanskelege. Utdringane kan vere ulike, og det er ikkje så lett å sjå løysing på problema. Slike periodar gjer livet tungt, og ein kan lure på om det er noko å glede seg over og om det er ei framtid som kan gje glede og gode dagar? Sjølv i vanskelege periodar i livet vårt er vi ikkje åleine. Jesus har sagt at han alltid vil vere der og at Han vil gå med oss. Han seier ikkje at vi skal ha berre gode dagar, men Han vil gå med oss og gje oss det vi treng for kvar dag, same korleis

dagen vår er. Over bogen inn til alteret i Fjell kyrkje er det eit maleri av Jesus som står der med utstrekke armar og menneske som kjem til Han. Slik tenkjer eg at Jesus er alle våre dagar, både i dei gode dagane og når vi strevar med livet vårt. Vi kan få kome til Jesus med heile livet vårt. Jesus elsker oss og har omsorg for den enkelte av oss. Det einaste vi treng gjere er å ta imot Hans omsorg og kjærleik.

Eg bed ikkje berre for desse, men for alle dei som gjennom deira ord kjem til å tru på meg.

Joh 17, 20

Takk til Nils Ivar Honningdal



Då Basecamp vart starta i 2004 var tanken å skapa ein stad der ungdomar kunne kome etter skuletid, i staden for å henge rundt om på Sartor storsenter. I løpet av desse åra er det mange ungdomar

som har kome til opent hus for å slappe av, og har møtt trygge vaksne som dei kunne snakke med. For 3 år sidan fekk Basecamp ein ny leiar, Nils Ivar Honningdal. Med erfaring frå mellom anna Kirkens Bymisjon såg han at det var behov for fleire tilbod til ungdommane. Han gjorde ein framifrå jobb med å søkje prosjektmidlar, som resulterte i eit medvandrarprosjekt. Det er eit oppsøkjande arbeid på Sartor storsenter og på ungdomsskulane. Basecamp fekk også prosjektmidlar

til å starte Basecamp RePro, ein sykkelverkstad, som er eit arbeidstreningssopplegg for ungdom utan arbeid eller skuleplass. Nils Ivar sluttar no i jobben som leiar for Basecamp, og vi vil takke han for den framifrå jobben han har gjort dei 3 åra han har vore leiar. Vi ønskjer han lukke til med nye utfordringar.

For styret i Basecamp
Torbjørn Fjøren

Ungdom på leiarkurs og Ung Bøn



I fleire år har FUNK - Fjellungdom i kyrkja hatt leiarkurs for ungdom: MILK og LED. Det siste skuleåret har det også vore arrangert Ung Bøn, som mange ungdomar har delteke på. I vår har desse tilboda blitt slått saman.

Tekst Anne-Kari Vik

Foto Anne-Kari Vik og
Jon Andreas Tjentland

Omtrent kvar torsdag sidan i fjor vår har det vore mange ungdomar samla på kyrkjekontoret i Fjell for å delta på Ung Bøn, som er det nyaste tilbodet i FUNK. Ungdom har laga og ete middag saman, fått undervisning og hatt bønefellesskap.

- Årsaka til at Ung Bøn oppstod, var eit initiativ frå fleire av dei eldre ungdomane i FUNK, som ønskte å samlast for å be. Ung Bøn har hatt stor betydning for fleire av ungdomane som har deltatt. I tillegg har Ung Bøn betydd mykje for dei sakene og menneska som har blitt bedt for, fortel ungdomsprest Jon Andreas Tjentland.

I vår har ein starta å arrangere MILK, LED og Ung Bøn saman.

- Årsaka til det er at vi vil prøve å knytte MILK og LED tettare til ungdomsarbeidet. Vi har også tru på at FUNK som arbeid, og ungdomane som i dag er ein del av MILK, LED og Ung Bøn vil bli styrka ved at ungdomane får treffast



Deltakarar på MILK, LED og Ung Bøn samla på kyrkjekontoret til middag, undervisning og bøn.

saman på noko som kan likna eit leiarforum, seier Jon Andreas.

Han påpeikar at ungdomane kjem til å bruke meir tid saman, noko som gjer at dei blir betre kjent, lærer meir frå og av kvarandre, og får ein betre førebildefunksjon for kvarandre.

- Fleire frå staben vil kunne vere til stades på samlingane. Fokuset på bøn kjem til å styrkast, noko som forhåpentlegvis vil føra til at fleire får erfare kva skatt det er å be. Dei eldre ungdommane kjem til få repetert kva dei har lært på til dømes MILK, gjennom at me legg til rette for læringsutveksling, seier Jon Andreas Tjentland.



3 på MILK

Andrea Bildøy (16), Vilde Byrknes (15) og Elise Knappskog (16) har vore deltakarar på MILK dette skuleåret.

- Det har vore eit sosialt og nyttig år, seier dei.

- Vi har vore med som hjelpeleiarar på t-dagar, og bidratt med forskjellig i kyrkjelydane, fortel ungdomane. Dei fekk tilbod om å vere med på MILK etter konfirmantåret, og har no fullført leiar kurset saman med 8 andre deltakarar. - Det er veldig fint å vere på MILK-samlingane. Det er veldig positiv stemning, seier dei.

Kva er MILK?

MILK (MiniLederKurs) er eit leiartrainingsopplegg for deg som går i 10. klasse. Her får du lære meir om kommunikasjon, samarbeid, organisering, korleis du kan vere ein god leiar og den kristne trua. MILK har fleire samlingar i løpet av året, ein leiarweekend i august/september og praksis tilpassa den enkelte.

Kva er LED?

LED er eit leiar kurs for dei som har vore med på MILK, og som framleis har lyst til å utvikle seg som menneske, medarbeidar og som kristen. LED har fleire samlingar i løpet av året, ein leiarweekend i august/september og praksis tilpassa den enkelte.

Kva er Ung Bøn?

Ung Bøn er middag-, bøne-, og undervisningssamlingar for ungdomar som går første året på vidaregåande og oppover, og dei som går på MILK.

Vårmarknad i Kausland

I mange år har det vore vårmarknad i Kausland. I 2017 kom det inn over 80 000 kroner. Pengane skulle gå til naudsynt utstyr i Kausland kyrkjelydshus med særleg fokus på trådlaut nett og audiovisuelt utstyr i forsamlingsrommet.

Tekst og foto Olav Martin Vik



Mykje folk møtte opp på vårmarknaden i år, også denne gongen kom det inn over 80 000 kroner. Målet er no å få trådlaut nett i sjølve kyrkja.

Eg var så heldig å bli invitert til vårmarknaden og kunne gjere nytte av nytt audiovisuelt utstyr: prosjektor og eit stort lerret på 3 meters breidde. Det trådlause (via fiber) nettet i kyrkjelydshuset er også på plass. No er det berre å starte planleggingsarbeidet for fiber til sjølve kyrkja.

I åra som kjem er det viktig at sokneråda lokalt har fokus på eigen økonomi, innsamling av pengar og givarteneste.

Orientering om anleggsarbeid på Straume gravplass



Vi hadde i år 2000 og 2008 eit omfattande arbeid med drenering på Straume gravplass. Dessverre er det ein del av gravplassen som har stått att, og denne delen har vi planar om å drenere no. Det dreier seg om dei fem øvre rekkjene på høgre felt når ein går inn ved klokketårnet.

Arbeidet vil bli utført av driftsseksjonen ved Fjell kyrkjelege fellesråd.

Tidspunkt for oppstart er måndag 28. mai, og arbeidet er venta ferdig innan 22. juni.

I anleggsperioden vil deler av området verta avsperra av tryggleiksmessige omsyn.

Gravlegging i anleggsperioden

Det vil vera råd å ta i bruk reserverte graver i anleggsperioden. Anleggsarbeidet vert stansa under seremonien på gravplassen, men deler av gravplassen vil bera preg av å vera eit anleggsområde. Vi ber om forståing og tolmod i anleggsperioden.

Eventuelle spørsmål kan rettast til driftsleiar Norvald Snekkevik (tlf. 93070741) som vil vera prosjektleiar for arbeidet.



DEN NORSKE KYRKJA

Fjell kyrkjelege fellesråd

Olav Martin Vik
Kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden

Norvald Snekkevik
Driftsleiar Fjell kyrkjelege fellesråd



Foldnes barnegospel deltok med song på basaren.

Populær basar

Tekst og foto Astrid Aksnes Myskja

Laurdag 7. april gjekk den årlege basaren i Foldnes kyrkje igjen av stabelen. Ei flott gruppe basardamer har sidan i haust møttast regelmessig for å produsere store mengder vakre gevinstar.

Denne aprilkvelden fekk dei løn for arbeidet, både ved å oppleve ein overfylt kyrkjelydssal med born, unge og vaksne i god, gammal basarstemning, og ikkje minst eit flott resultat med nesten 70 000 kroner i inntekter. Pengane blir delte mellom kyrkjelyden sitt eige arbeid og misjonsprosjektet vårt i Mali. Takk til Anne og Knut Kaldestad, som saman med nokre ungdommar gav oss ei fin

andaktsstund med tekstlesing og drama. Takk til Foldnes barnegospel, som det alltid er så kjekt å høyre på. Takk til alle som deltok med å kjøpe lodd og årar. Og ikkje minst takk til basardamene, som år etter år førebur og gjennomfører dette arrangementet med stil! Vi håpar at de tar fatt til hausten igjen, slik at vi også til neste vår får med oss ein flott basarkveld.



God stemning på barnekor-konsert



Dirigent Ragnhild Hiis Ånestad.



Barnekora gav liv med friske songar.

Laurdag 14. april var det igjen tid for den årlege storkonserten for barne- og tweenskor i Landro kyrkje. I år var Soul Children-grunnleggjar, Ragnhild Hiis Ånestad, med som inspirator og dirigent.

Tekst og foto Anita Leganger



Solistar frå Nordre Fjell tweenskor: Bima og Elisabeth.

Ragnhild Hiis Ånestad frå Oslo, som er grunnleggjaren av Soul Children og dirigent for Oslo Soul Children, hadde seminar med alle songarane i timane før konserten. Kora som deltok var Nordre Fjell barne- og tweenskor, Fjell Tweenskor, Foldnes barnegospel og Betweeneskoret frå Sund.

Ragnhild Hiis Ånestad starta konserten saman med tre solistar frå Oslo Soul Teens og dei lokale

«tweensa», før resten av barna kom på scenen. Dei gav oss ein konsert med mange flotte og friske songar med tydeleg bodskap, og med ein fin variasjon mellom solosong og korsong. Ragnhild er ei energisk og sprudlande dame, og hennar energi og glede smitta fort over på både koret og publikumet i kyrkja. Med stor applaus og eit publikum som ikkje ville gå, drog Ragnhild like godt i gong eit ekstrasnummer med koret.

Ein stor takk til organist Eline Olsen og alle dei andre, både frivillige og tilsette i kyrkja, som var med og gjorde denne fine dagen og konserten mogleg for barna og publikum som deltok.

Jazz-konsert med bidrag til lydutstyr

Den 17. mars inviterte Rune Landro til jazz-konsert i Landro kyrkje i samband med sin 60-årsdag. Inntekta frå konserten skal mellom anna gå til betre lydutstyr i Landro kyrkje.

Tekst Eline Olsen
Foto Anita Leganger



Rune Landro og barnebarnet Elisabeth Breistein Leganger.

Over 90 menneske tok turen innom Landro kyrkje for å lytte til flott jazzmusikk, og for å heidre jubilanten Rune Landro. Han hadde med seg Eline Olsen på piano, Erlend Gjøen på bass, og svigerson André Breistein Leganger på trommer. Med som solistar hadde han Kristine Angeltveit på song, sonen Bård Leganger Landro på trompet, og barnebarnet Elisabeth Breistein Leganger på kornett.

Variert repertoar

Publikum blei servert eit variert repertoar med alt frå god gammeldags swing, latinjazz og balladar, via norske og svenske salmar og folketonar, til pop og elektronika.

Bård Leganger Landro, som for tida studerer master i utøvande trompet på musikkonservatoriet i Agder, briljerte med elektronika-komp til vakkert trompetspel. Bård var også solist saman med Rune, Kristine og Elisabeth. Kristine Angeltveit song vakkert på både jazz-balladar og meir pop-inspirerte songar. Barnebarnet Elisabeth Breistein Leganger var kornett-solist, og fekk til fulle vist at ho kjem frå ein dyktig musikarfamilie. Jubilanten sjølv var, i tillegg til å vere solist saman med Kristine og Elisabeth, solist på jazzklassikarar.

Gåve til betre lyd

Det var god stemning i salen under heile konserten, og ein applaus som oppfordra til ekstranummer. Det blei samla inn 17 800 kroner denne kvelden. Desse midlane skal gå til utbetring av lydanlegg og lydutstyr i Landro kyrkje, og til utbetring av akustikken i kyrkjerommet.

Det er framleis mogleg å gi pengar til dette føremålet. Gåve til «Lyd i Landro» kan setjast inn på Landro sokneråd sin driftskonto i Sparebanken Vest: 3628.58.24871.



Misjonskveld



Forbønn for Marit Ngamchalad.



Soknerådsleder Anne Elisabeth Møvik Hornes og Marit Ngamchalad.

En torsdag i april inviterte vi til misjonskveld i Fjell kyrkje, med Marit Ngamchalad fra School Support Laos som gjest.

Foto Torbjørn Fjøren og Terje Aannerød

Fjell kyrkjelyd har som kjent School Support Laos og Thailand som en del av sitt misjonsprosjekt. Marit Ngamchalad startet skoleprosjektet i Laos i 2000. Prosjektet gir

mange fattige barn mulighet til utdanning. Marit fortalte sterke historier om sin vei i dette arbeidet. Vi som var på misjonskvelden fikk også et flott innslag av ungdommer fra Øygarden, som var på besøk i Thailand sist høst, sammen med soknepresten sin, Espen Tveten. Det ble vist en filmsnutt, og de fortalte om sine inntrykk og det de møtte i Thailand. I pausen ble det servert deilig thaisuppe og god kaffemat.

Kvelden ble avsluttet med forbønn for Marit og det flotte arbeidet hun gjør for de fattigste av de fattige i Laos. Vi kan oppsummere kvelden med at det var en tankevekkende og engasjerende kveld for oss som var der, og vi opplevde et fint fellesskap.

Rønnaug Fjøren,
misjonskontakt i Fjell kyrkjelyd

Gjevarteneste i Fjell kyrkjelyd

Vi ønsker å byggje opp ei fast gjevarteneste, og håper du vil vere med. Så langt har vi sett opp 3 tiltak du kan gje til:

<p>Misjon & visjon</p> <p>Støtt misjonsprosjekta våre i Thailand og Laos.</p>	<p>Barn & ungdom</p> <p>Støtt det lokale arbeidet for barn og unge i kyrkja vår.</p>	<p>Lyd & bilete</p> <p>Bidra til utstyr og utsmykking i kyrkja vår.</p>
--	---	--

Vil du støtte arbeidet vårt på denne måten? Ta kontakt med kyrkjekontoret, eller sokneprest Terje Aannerød. Blankettar for gjevarteneste finn du i Fjell kyrkje.

KONSERT FOR HEILE FAMILIEN

Tysdag
22. mai
kl. 17.30
Fjell kyrkje

Foldnes barnegospel,
Fjell og Nordre Fjell
barne- og tweenskor



Vokalensemblat
Sotra Reviderte
synger

Trygve Bjerkheim
og
Olav Arne Steinkopf

Bjerkheim
Jazz

Søndag 10. juni kl. 19.00
Landro kyrkje

Flygel - Eline Olsen
Bass - Magne Thormodsæter
Slagverk - Sigurd Steinkopf
Dirigent - Olav Sørheim

Billetter:
Voksne 150,-
Barn/pensjonister 100,-
Familie 300,-

Samanslåing av dei kyrkjelege fellestråda

Arbeidet med å førebu samanslåing av dei kyrkjelege fellestrådsområda er i godt gjenge. 8 arbeidsgrupper arbeider med å utforme eit grunnlag for framtidig organisering.

Tekst Olav Martin Vik

Det er ingen endring i soknegrensar, men arbeidet som kyrkjestaben gjer, heng saman med soknerådet sine prioriteringar. Det er difor viktig at det i samanslåingsprosessen er god samhandling mellom sokneråda og prosjektleiinga. Det er lagt opp til eit møte med representantar for sokneråda i juni, der arbeidsgruppene og prosjektleiinga vil presentere arbeidet. Dei vil også skissere løysingar for framtida med omsyn til organisering og lokalisering. Det vert eitt slikt møte til utpå hausten.

Framtidas økonomi er eit viktig tema, og arbeidet med ein økonomiplan for det nye fellestrådet er i prosess. Ein er avhengig av ein dialog med kommunal fellestrånemnd, slik at ein tidleg kan få avklart prosessen for budsjettering og økonomiske rammer. Kyrkja er ein kulturberar og ein viktig samfunnsaktør. Dette er viktig å løfte fram i kommunesamanslåinga.

Utover i 2018 vil kyrkjestabane i Fjell, Sund og Øygarden arbeide seg meir og meir saman, gjennom

gruppearbeid på tvers av fellestråds grensene, i planlegging av framtida og i felles samlingar. Målet er at det meste skal vere planlagt ferdig innan 1. mai 2019.

Våre tilsette er inne i ein krevjande fase, der ein skal arbeide med daglege gjeremål, arbeide i prosjekt og til tider bruke energi på; korleis vert framtida for meg? Det er viktig at kyrkjelydane er klar over dette.

Konfirmant i 2019?

Vi vil med glede invitere deg som er fødd i 2004 til ei spanande konfirmasjonstid i Fjell, Foldnes og Landro sokn skuleåret 2018/2019! I konfirmanttida får du mellom anna ta del i engasjerande undervisning, delta på artige ungdomsarrangement, bli kjend med nye folk og avslutte året med ein flott konfirmasjonsdag.

Konfirmasjonsgudstenester 2019:

Fjell kyrkje

Søndag 5. mai: Kolltveit (Ekerhovd) – Skålevik (Algrøy/Syltøy) – Tellnes

Laurdag 11. mai: Knappskog – Ulveset

Foldnes kyrkje

Laurdag 4. mai: Foldnes

Søndag 5. mai: Hjelteryggen – Liljevatnet

Søndag 12. mai: Bjørøy – Brattholmen

Landro kyrkje

Laurdag 11. mai: Landro – Misje – Spjeld

Søndag 12. mai: Ågotnes

Infomøte for alle kommande konfirmantforeldre

Onsdag 13. juni kl. 19.00 i Foldnes kyrkje

Alle døypte i 04-kullet har fått tilsendt info om konfirmantåret i posten. Ta kontakt på e-post: beate.sorhus@fjell.kommune.no dersom du ikkje har fått dette.

Påmelding

Alle som skal vere konfirmantar i kyrkjene i Fjell må registrere seg på www.kyrkja.no/fjell/konfirmant
Frist for registrering 20.juni

Loved





T5 - Den gode gjetaren



Tysdag 17. april myldra det av sauar, born, føresette, forteljarar og leiarar, i Foldnes kyrkje. Alle fekk høyre historia om den gode gjetaren. Vi fekk òg tid til å ete saman, syngje, leike og lage fine sauekort. Til slutt fekk alle med seg to fine gåver frå kyrkja: Ein sau som kunne spele «Bæ bæ, lille lam» viss han blei dratt i halen (!), og ei lita bok om den gode gjetaren og sauane hans. Vi ynskjer alle velkomen til T6-dag i 2019.



Velkomen på T-dagar

- Påmelding til og info om alle T-dagane finn du på www.t-dagen.no eller ved å ringe 55 09 74 40. Spør etter Elisabeth, Kari eller Søgne.
- Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering.
- Trusoppleringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.



Tekst og foto T-dagen

T1 - Babysong

Ein gong i månaden er det «T1 Babysong» i ei av dei tre kyrkjene våre. Dei siste babysongsamlingane før sommaren, blir **måndag 28. mai i Fjell kyrkje**, og **måndag 11. juni i Foldnes kyrkje**. Kvar samling varar frå 10.30-12.30. Vi syng gamle og nye songar, et lunsj saman og får tid til ein god prat rundt bordet i kyrkjelydssalen. Elisabeth (trusopplærar) og Eivind (pianist) ynskjer gamle og nye babysongdeltakarar hjarteleg velkomen.



T6 - Skulestart



Skal du begynne på skulen til hausten? Då er du hjarteleg velkomen til T6-dagen i juni. Det blir T6-dag **tysdag 12. juni i Foldnes kyrkje**, **onsdag 13. juni i Landro kyrkje**, og **torsdag 14. juni i Fjell kyrkje**. Det blir middag, forteljing, song, dramatisering, kortstasjon og leik. Alle som kjem, får også ei fin seksårsbok i gåve.

T7 - Pilegrimsvandring

Onsdag 15. august (siste planleggingsdag før skulestart) blir det T7-dag med pilegrimsvandring frå Morland til Fjell kyrkje, for alle som er fødde i 2011. Vi skal ha mange stopp undervegs, og lære og oppleve mykje fint saman. Framme i kyrkja skal vi ha pilegrimssamling, mat, leik, song og film. Velkomen til alle dei som snart er andreklassingar!




T4 - Kyrkjeboka mi



Søndag 2. september, kl 11.00-13.00, blir det familiegudsteneste og T4-dag med utdeling av den fine, raude «Kyrkjeboka mi», til alle som er fødde i 2014, og som ikkje har fått Kyrkjeboka tidlegare. Det blir T4-dag same dag i alle dei tre kyrkjene våre.

Velkommen til gudsteneste

Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/nattverd	Takkoffer
Fjell kyrkje					
Torsdag 17. mai	11:00	Familiegudsteneste	Terje Aannerød		Kirkens Bymisjon i Bergen
Søndag 20. mai	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
Søndag 27. mai	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp, Nattverd	Kirkens Nødhjelp
Søndag 3. juni	11:00	Gudsteneste	Terje Aannerød	Nattverd	Kirkens SOS i Norge
Søndag 10. juni	11:00	Gudsteneste	Erling Kopperud	Dåp	MAF- Mission aviation fellowship
Søndag 17. juni	18:00	Ung messe	Jon Andreas Tjentland	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 8. juli	11:00	Gudsteneste	Terje Aannerød	Dåp, Nattverd	Eige arbeid
Søndag 29. juli	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp, Nattverd	Eige arbeid
Søndag 19. august	11:00	Gudsteneste	Terje Aannerød	Dåp, Nattverd	IKO- Kirkelig pedagogisk senter

Foldnes kyrkje



Torsdag 17. mai	11:00	Familiegudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Søndag 20. mai	11:00	Gudsteneste	Terje Aannerød	Dåp, Nattverd	Den Norske Israelmisjon
Søndag 27. mai	19:00	Bibel, bøn & lovsong	Maria Tveten	Nattverd	Tro og medier
Søndag 3. juni	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp, Nattverd	Sotra Indremisjon
Søndag 10. juni	11:00	Familiegudsteneste	Terje Aannerød	Nattverd	Basecamp
Søndag 17. juni	11:00	Gudsteneste	Terje Aannerød	Dåp, Nattverd	Eige arbeid
Søndag 24. juni	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	Norsk Luthersk Misjonssamband
Søndag 15. juli	11:00	Gudsteneste	Terje Aannerød	Dåp, Nattverd	Eige arbeid
Søndag 5. august	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp, Nattverd	Eige arbeid
Søndag 19. august	11:00	Familiegudsteneste	Maria Tveten		

Landro kyrkje



Torsdag 17. mai	11:00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese		Kirkens SOS i Norge
Søndag 20. mai	11:00	Gudsteneste	Erling Kopperud	Dåp, Nattverd	Ope offer
Søndag 27. mai	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp, Nattverd	Eige arbeid
Søndag 3. juni	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp, Nattverd	Misjonsprosjekt med NMS i Thailand
Søndag 10. juni	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Dåp, Nattverd	Thailand
Søndag 17. juni	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp, Nattverd	Tro og medier
Søndag 1. juli	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese/LMF	Nattverd	Lærerinnenenes Misjonsforbund
Søndag 22. juli	11:00	Gudsteneste		Dåp, Nattverd	Eige arbeid
Søndag 12. august	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp, Nattverd	

Langøy

Måndag 21. mai	12:00	Friluftsgudsteneste	Terje Aannerød		Kristen Idrettskontakt- KRIK
----------------	-------	---------------------	----------------	--	------------------------------

Med atterhald om endringar. Sjå også www.kyrkja.no/fjell for gudstenesteoversikt.

Døyppte

Fjell kyrkje

25.03.2018

Milla Grasdal
Milia Lindhjem Sæle
Matheus Leander Angeltveit-Pedersen

08.04.2018

Eleah Dale Skarlo
William Lilleskare Sandtorv
Elliot Bjordal
Sebastian Iversen
Morten Castell Nåmdal

19.04.2018

Liam Bentley

22.04.2018

Oliver Sæle Solsvik
Viljar Dale Helland
Emilian Sørboe
Idar Magne Christoffersen
Lucas Langeland
Emrik Svidal Monsen

Foldnes kyrkje

25.03.2018

Sarah Nordvik
Emmeli Arefjord
Niklas Rye-Holmboe Gundersen

01.04.2018

Sara Mathilde Stordal

08.04.2018

Andrea Vestrheim Kibsgaard Kvist
Ida Fjellhaug

14.04.2018

Geir Ove Tønnesen Brunch Spjeld
Anna Larson
Ingeborg Larson
Nickolas Tonheim
Markus Løkke
Aurora Irene Ore

22.04.2018

Tobias Bringedal
Amalie Gjerde Bringedal



Landro kyrkje

18.03.2018

Vebjørn Andreas Knappskog Bøe

Vigde

Fjell kyrkje

24.03.2018

Lina Solvang og Asle Flaten

28.04.2018

Linda Træet og
Pedro Paulo Lopes Desales

Døde

Fjell sokn

Magda Olina Elida Mollandsøy	f. 1925
Kristi Tordis Sekkingstad	f. 1925
Malvin Magne Ekren	f. 1941
Arild Olav Midtveidt	f. 1962
Kristine Mathilde Fjell	f. 1926
Aagot Andersen	f. 1920
Ingolf Mikal Ulveseth	f. 1925
Lasse Kaalaas	f. 1969
Ingeborg Konstanse Aase	f. 1921

Foldnes sokn

Klara Haugstvedt	f. 1929
Øyvinn Heggøy Michelsen	f. 1980
Gunnar Samuelsson	f. 1945
Hans Petter Mjelstad	f. 1982

Landro sokn

Randi Inger Elisabeth Hopland	f. 1934
Bengt Arve Vågenes	f. 1969
Otto Sigvald Landro	f. 1926
Andrea Kristina Vindenes	f. 1917
Marie Langeland	f. 1947

Takk

Takk for all vennlig omsorg og blomsterhilsener ved vår kjære Malvin Magne Ekren sin bortgang. Takk til alle som var med oss i begravelsen, og for pengegave til LHL.

Vi vil også få takke Hjemmesykepleien i Fjell kommune, sone Lille Sotra, Haukeland sykehus hjerte post 2, og Sunniva senter for lindrende behandling for god pleie og omsorg. En spesiell takk til legene Hofstad, Kjeilegavlen og Vollan ved Haukeland Universitetssykehus. Takk også Bergen og omegn begravesbyrå for god hjelp og støtte, og til Solveig K. Algrøy Hjørnevik for fin sang under begravelsen.

Bjørn Ekren med familie

Vår Herre Jesus
Kristus seier:

"Eg er oppstoda og livet.
Den som trur på meg,
skal leva om han så dør.
Og kvar den som
lever og trur på meg,
skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11,25-26

Ønskjer du dåp eller vigsel
i Fjell, Foldnes eller
Landro kyrkje?

Kontakt Fjell kyrkjekontor
på tlf. 55 09 74 40 eller gå
inn på nettsida vår
www.kyrkja.no/fjell
for meir informasjon.

RENSEANLEGG

**Har du fått pålegg om oppgradering?
Vi har godkjente minirensanlegg**

**Kontakt:
August Norge AS
Avd. Vestlandet
Tlf: 949 70 680
Mail: svein@augustnorge.no**



**Ta kontakt for en uforpliktende befarings!
www.augustnorge.no**

- koldtbord kr 199,- pr. pers
- snitter kr 24,-
- marsipankake 400,-



**for bestilling ring 56333310/56334410
vi holder til på Kolltveit Kai**

Gravferdsbyrå

Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

*- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv*



**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no**

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Solstrands

Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet




Leirstedet til IMF Midthordland

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling -
Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til
små og store anledninger -
Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40
Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no




-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO


Westland Elektro AS
har fusjonert med
Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210 • E-post: post@vestgarelektro.no • www.vestgarelektro.no



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75



Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

**Oppfølging og veiledning i en
tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)



Bjorgvin

BEGRAVELSESBYRÅ

Døgnavakt 55 20 23 00
www.bjorgvin-b.no

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.



Gravferds

hjelpen

Vi kan hjelpe til med
rådgivning og tilrettelegging
ved begravelser og bisettelser.

Døgnavakt 55 27 28 29
www.gravferdshjelpen.no
Hagerupsvei 32X • 5093 Bergen





ADVOKATGRUPPEN BERGEN

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



Advokatfullmektig
Bernhard Hauge

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.
Hjemmebesøk om ønskelig.
E-post: bernhard.hauge@agbergen.no
Tlf: 920 41 950 www.agbergen.no
Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

- Snitter
- Koldtbord
- Selskapsmat
- Tapas • Kaker

Tlf. 56 33 11 50

Ny adresse:
Idrettsvegen 113 C



www.royal-cateringservice.no

FJELL KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Tytebærbrekko 2, Straume
Postadresse: Postboks 184, 5342 Straume

kyrkja.no/fjell

t-dagen.no

Sentralbord: 55 09 74 40

E-post: post.kyrkja@fjell.kommune.no

Ekspedisjonstid alle kvardagar: 10.00-14.00
Beredskapstelefon i prostiet: 95 48 36 55
(mellom kl. 17.00 og 08.00 alle kvardagar og heile helga/høgtidene).

SOKNERÅDSLEIARANE

Fjell sokneråd: Anne Elisabeth Møvik Hornnes

e-post: aehornne@online.no

Foldnes sokneråd: Per Helge Refvik

e-post: perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd: Tove Karin Lyngsmo Angeltveit

e-post: tove.karin@outlook.com

VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

Besøksadresse: Fjell kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, Straume

Prost: Erling Kopperud 55 09 74 42

e-post: erling.kopperud@fjell.kommune.no

SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Sokneprest Terje Aannerød 55 09 74 51

Sokneprest Bjarte Nese 55 09 74 52

Sokneprest Maria Tveten 55 09 74 46

Ungdomsprest Jon Andreas Tjentland
55 09 74 56

Soknediakon Torbjørn Fjøren

55 09 74 47/92 29 53 77

Ungdomsarbeidar Håkon Syrstadeng

55 09 74 66/91 80 46 80

Sentralbord: 55 09 74 40



Home-Start Familiekontakten



Har du lyst til å være med å gjøre en forskjell?
Har du lyst til å være med å spre glede?
Har du lyst å bli en del av oss?

Velkommen til Home-Start
Familiekontakten i Fjell.

Vi starter kurs for nye frivillige i september.

Ta kontakt med Lise (tlf 46420469) eller
Ingelin (tlf 46426463) for påmelding og info.

Velkommen



Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (til dømes dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg og støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med kyrkjekontoret på dagtid (10.00-14.00):

55 09 74 40

Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgene/høgtidene frå kl. 08.00 er det alltid ein prest i beredskap i prostiet:

Vakthavande prest på telefon: 95 48 36 55

VI TRENG
FRIVILLIGE.


Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvar år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på
kirkens-sos.no



Å snakke med folk om livet gir mening.

Barnekryssord

**VANNRETT**

2. Lars Eriksen
3. Jentenavn
5. Overhode
7. Skratte
8. Moderne
9. Ida Valle
10. Ytre
11. Møbel
13. Frø

LODDRETT

1. Anmode
2. Buksemerke
3. Dyr
4. Guttenavn
6. Samme mening
9. Fryse
12. Del av Bibelen

Bli med i trekninga av ein hamburger med drikke og dessert for 4 personar!



Send inn kryssord til:
Fjell kyrkjekontor
PB 184, 5342 Straume
Merk konvolutt: Kryssord

Vinnar av Barnekryssord
i nr. 2-2018:

Mariell Hufthammer
Molltveitleitet 16
5360 Kolltveit

Namn:.....

Adresse:.....

.....

Faste aktivitetar i kyrkjene

Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell kommune. Du er hjarteleg velkommen!

Foldnes kyrkje

Gudsteneste - dei fleste søndagar kl. 11.00.

Søndagsskule - under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert.
Kontakt: Maria Wergeland 92 40 88 05

Bibel, bøn & lovsong - Siste søndag kvar måned kl. 19.00.
Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 46

KM Kluzz - cirka ein fredag i månaden kl. 16.30 til 18.30. For heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen 95 01 44 98

RAMP - annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo 47 82 34 25

Foldnes barnegospel - annankvar tysdag kl. 17.30 til 18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Andrea Ådland 97 75 59 38

Treff - i kyrkjelydssalen første onsdag kvar måned kl. 11.30-14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 92 44 28 81

Lille lørdag - for 7. og 8. klasse, ein onsdag i månaden.
Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 46 (pause våren 2018)

Lukas Ten Sing - Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Håkon Syrstadeng 91 80 46 80

Ungdomslaurdag - frå kl. 19.00-22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Jon Andreas Tjentland 55 09 74 60

Mannsgruppa - ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag.
Kontakt: Morten Nygaard 92 48 28 96

Basargruppa - ein torsdag i månaden.
Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim 90 72 92 22

Fjell kyrkje

Gudsteneste - dei fleste søndagar kl. 11.00.

Søndagsskule - under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert.
Kontakt: Torun Svennevik 97 67 11 61

Retreatkveldar - cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontaktperson: Terje Aannerød 55 09 74 51

Tweensklubben - annankvar fredag kl. 19.00-21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Jon Andreas Tjentland 55 09 74 60

Vokalensemblat Sotra reviderte - for alle som vil syngje i a-capellakor, tysdagar kl. 19.00-21.30. Kontakt: Ingjerd Hauge Johansen 92 23 28 15

Fjell kyrkjebrass - om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 92 61 59 88

Fjell barne- og tweenskor - Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetsveker) kl. 17.30-18.30. Kontakt: Kari H. Mortensen 41 12 23 23.
Tweenskor øver annankvar tysdag (oddetsveker) kl. 18.00-19.00.
Kontakt: Maria Tveten 45 06 30 16

Landro kyrkje

Gudsteneste - dei fleste søndagar kl. 11.00.

Onsdagsmøte - i kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag.
Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47

Taco-fredag - ein gong i månaden kl. 17.00-19.00. For heile familien.
Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

Nordre Fjell Barnekor - 1.-3. klasse, kl. 17.30-18.40 kvar tysdag.

Nordre Fjell Tweenskor - 4.-7. klasse, kl. 18.40-19.30 kvar tysdag.
Kontakt: Eline Olsen 90 60 53 32

Treff i Landro - i kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30-14.00.
Fellesskap med god mat, undervisning og song.
Kontakt: Ellen Ebbesvik 92 44 28 81

Landroklubben - i kyrkjelydssalen annankvar fredag kl. 18.30 til 22.30.
Frå 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52